



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Sandvik, 55 57 21 04

Vår dato
18.09.2015
Dykkar dato
01.07.2015

Vår referanse
2015/9463 423.1
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - Langøy - etablering av akvakulturanlegg

Vi viser til oversending av ovannemnde sak, motteke av Fylkesmannen den 01.09.2015.

Vedtak:

**Fylkesmannen avisar klage på Lindås kommune v/plan- og miljøutvalet sitt vedtak
datert 04.03.2015, sak 030/15.**

Saksgang

Lindås kommune v/plan- og miljøutvalet gav i vedtak datert 04.03.2015, sak 030/15, dispensasjon fra arealdelen av kommuneplanen for utviding av akvakulturanlegg ved lokalitet Langøy. Vedtaket vart klaga på av Per Gunnar Sundsbø i brev datert 01.04.2015 og Arne Aven i udatert skriv.

Eide Fjordbruk AS/Fyllingsnes Fisk AS v/Arne Herre Staveland svarte på klagene i brev datert 28.04.2015. Her stiller ein spørsmål ved om klagene frå Per Gunnar Sundsbø og Arne Aven har klagerett i saka og om klagene var sett fram i tide. I brevet står det m.a.:

«Klagerne er ikke part i saken, og vi stiller også spørsmål ved om de i det hele tatt har rettslig klageinteresse. Skal man kunne klage over et vedtak må man enten være part i saken eller vedtaket må berøre klagers rettsstilling på en slik måte at det er rimelig og naturlig at han får adgang til å klage over vedtaket. Så langt vi kan se berører ikke Vedtaket klagernes rettsstilling, og klagerne kunne i alle tilfeller gitt sine innspill i forbindelse med at Søknaden var på høring.

Som kommunen sikkert er kjent med tilsier hensynet til forvaltningens arbeidsbyrde og til Vedtakets autoritet også at klagerett bare tilligger en part og andre som berøres av avgjørelsen i det vesentlige på samme måte som en part. Så langt vi kan se gjelder dette ikke for klagerne.»

Klagane vart handsama av plan- og miljøutvalet i møte den 23.06.2015, sak 106/15, men vart ikkje tekne til følgje. Saka vart etter dette sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Når det gjeld saka i sin heilskap, viser vi til dokumenta i saka, som vi føreset at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova (fvL) § 17 første ledd.

Fylkesmannen si vurdering

Forvaltningslova gjeld for sakshandsaminga hos Fylkesmannen, jf. plan- og bygningslova (tbl) § 1-9 første ledd. Fylkesmannen har kompetanse til å prøve alle sider av saka, under dette også nye omstende, jf. fvl § 34 andre ledd.

Det følgjer av fvl § 34 første ledd at når vilkåra for å handsama klagje er til stades så skal klageinstansen avvise klagje, dvs la vera å handsama klagje. For at Fylkesmannen skal kunne handsama saka må vedtaket vera påklagd av ein part eller nokon med rettsleg klageinteresse, jf. fvl § 28 første ledd.

Det er ikkje tvilsamt at klagarane ikkje er part i saka, jf. fvl § 2 bokstav e, då vedtaket rettar seg mot Eide Fjordbruk AS / Fyllingsnes Fiske AS. Spørsmålet vert då om klagarane har rettsleg klageinteresse, jf. fvl § 28 første ledd.

Det følgjer av forarbeida til fvl § 28 at «*[d]et er meningen at kravet om «rettslig klageinteresse» skal motsvara kravet til «rettslig interesse» i tvistemålslovens § 54 [nå tvisteloven § 1-3].*»¹

Etter tvisteloven § 1-3 andre ledd må «*[d]en som reiser saken, (...) påvise et reelt behov for å få kravet avgjort i forhold til saksøkte. Dette avgjøres ut fra en samlet vurdering av kravets aktualitet og partenes tilknytning til det.*»

I følgje forarbeida til tvisteloven § 1-3 må «*[t]ilknytningen [til tvistegenstanden] være av en slik art at saksøkeren har en beskyttelsesverdig interesse i å få dom overfor den aktuelle saksøkte.*»²

Spørsmålet er om Sundsbø og Aven har ei slik tilknyting til saka at dei har interesse i å få vurdert saka.

Juridisk teori legg vekt på det ein kallar nærleik til interessa som klagar har til klage-/søksmålsgjenstanden. «*Dette innebærer for det første at klageren ikke kan kreve klagene behandlet, dersom den er fremsatt for å ivareta andres interesser, (...). For det annet ligger det i dette at klageren må være nærmere til å klage enn folk flest. At man har en alminnelig interesse i å forfølge førsteinstansvedtaket som ikke utmerker seg fra kva andre tilfeldige borgere har, er ikke tilstrekkelig til å gi klagekompetanse.*»³

I følgje kart på nettet har verken Sundsbø eller Aven sine eigedomar direkte tilknyting til plasseringa av akvakulturanlegget. Ut ifrå klagane peikar Sundsbø og Aven særleg på natur- og friluftsinteresser i området. Dette er alminnelege interesser som klagarane ikkje står nærmare til å ivareta enn andre som bur i området.

På bakgrunn av det ovannemnde kan ikkje Fylkesmannen sjå at Sundsbø og Aven har eit «*reelt behov for å få kravet avgjort,*» jf. tvisteloven § 1-3 andre ledd. Dei har såleis ikkje «*rettslig klageinteresse*» i denne saka, jf. fvl § 28 første ledd.

¹ Ot.prp. nr. 38 (1964-65) s. 99

² Ot.prp. nr. 51 (2004-05) s. 365

³ Geir Woxholth: Forvaltningsloven med kommentarer, 5. utgave, 1. opplag 2011, s. 501, der det også vert vist til Rt. 1972 s. 1071.

Ettersom Sundsbø og Aven ikkje har rettsleg klageinteresse i saka føreligg ikkje vilkåra for å handsame klagane. Klagane må difor avvisast, jf. fvl § 34 første ledd.

Fylkesmannen avviser klager på plan- og miljøutvalet sitt vedtak datert 04.03.2015, sak 030/15.

Lindås kommune har vurdert avvisingsspørsmålet i vedtak datert 23.06.2015, sak 106/15. Fylkesmannen sitt vedtak kan av den grunn ikkje klagast på, jf. fvl § 28 tredje ledd bokstav b).

Med helsing

Laila Pedersen Kaland e.f.
seniorrådgjevar

Marianne Sandvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Per Gunnar Sundsbø	Fonnebostvegen 338	5955	LINDÅS
Arne Aven	Sundsbøvegen 157	5955	LINDÅS
Fyllingsnes Fisk AS		5913	EIKANGERVÅG